



ALLTID BEREDT

Referat frå styremøte i Ryvarden krets av NSF

Tid:	Fredag 09. september 2022 kl. 22:00
Stad:	Hedleitun, kretsen si hytte på Nese
Tilstades:	Marius Johannessen, Øyvind Gulliksen, Karl Andreas Karlsen, Magnus M. Aronsen, Anna Tveit (vara med stemmerett), Jakob Løve Rud (vara/observatør)
Frå adm.:	Hildegunn L. Fjelland
Andre:	
Forfall:	Andrea Maud Mjønes (vara)
Referent:	Hildegunn L. Fjelland

Visekretsleiar leia styremøte.

Saksliste

RK-sak 35/2022	Godkjenning av innkalling og saksliste
RK-sak 36/2022	Godkjenning av referat frå styremøte 03. mai 2022
RK-sak 37/2022	Rekneskapsrapport
RK-sak 38/2022	Kretsen si nye hytte Heidletun
RK-sak 39/2022	Fiskekort
RK-sak 40/2022	Rekruttering til komitear
RK-sak 41/2022	Julemøte
RK-sak 42/2022	Fråtreiding styreleiar
RK-sak 43/2022	Evaluering av festivalleir
	Eventuelt

RK-sak 35/2022: Godkjenning av innkalling og saksliste

«Evaluering av festivalleir» skulle ha vore eit punkt i sakslista. Det vert lagt til.

VEDTAK: Innkalling og saksliste vert godkjent med merknad om punkt som manglar.

RK-sak 36/2022: Godkjenning av referat frå styremøte 03. mai 2022

Ingen merknader til referatet.

VEDTAK: Referatet frå styremøtet 03. mai 2022 vert godkjent.

RK-sak 37/2022: Rekneskapsrapport

Me har budsjettert med 6000kr i utgifter for deltakaravgift, NM i speiding. Me brukte 16 000kr. Altså har deltakaravgifta auka frå 1500kr per patrulje til 4000kr per patrulje. Kvifor har det auka så mykje? Kretssekretær sjekker opp i dette.

VEDTAK: Kretsstyret tek rekneskapsrapporten til orientering.

RK-sak 38/2022: Kretsen si nye hytte Heidletun**Status**

Proessen med kjøp av hytta er kome ganske langt. Både metodistkirken og Ryvarden krets må signere eit PEP-skjema før me kan signere kontrakten på hytta. Me reknar med at kontrakten er signert i løpet av september/tidleg oktober.

Hyttekomitè

Denne komitèen vart danna før sommaren. Den består av Karl Andreas Karlsen (1.Vedavågen sjø), Øystein Østensen (1.Leirvik), Karl Petter Økland (Meling) og Jan Egil Midtskog (Åkra). Desse skal utføre punkta som vart vedtatt på kretstinget om vedlikehald, tilstandsrapport, utgifter o.l. med hytta.

Hyttevert

Kretsstyret og hyttekomitèen har ansvar for oppfølging og vedlikehald av hytta fram til neste årsmøte. Valkomiteen får ansvar for å finne tre hyttevertar til neste val. Desse skal i fyrste omgong veljast for 1, 2 og 3 år. Så vert det valt inn ein ny person kvart år etter dette.

Forsikring

Forsikringa på hytta må flyttast over til Ryvarden krets. Karl Andreas sjekker med Metodistkirken kva forsikring dei har hatt på hytta og om me eventuelt kan overta den. Dersom den ikkje kan overtakast må me teikne ein ny avtale frå overtakingsdato.

Straum

Straumavtalen for hytta er satt over på Ryvarden krets og me betaler den frå september.

Utleige

Fleire gruppe har uttrykt ynskje om å leige hytta.

Me undersøker om me kan få ei booking-løysing på kretsen si nettside. Fram til me har funne ut av dette vil booking føregå ved å kontakte kretssekretær.

Det må utarbeidast eit «velkommen til Heidletun»-skriv med retningslinjer for bruk av hytta.

Pris for utleige

Pr. døger opp til 10 pers: 800kr

Pr. døger 10 pers eller meir: 1000kr

Desse prisane gjeld ut året og vert evaluert då.

VEDTAK: Kretsstyret fullfører hyttekjøp. Hyttekomitèen fullfører vedtaket frå det ekstraordinære årsmøtet. Karl Andreas undersøker forsikring. Straum, utleige og prisar vert vedtatt som skildra ovanfor.

RK-sak 39/2022: Fiskekort

Kretsen har fått tilbod om å kjøpe eit felles fiskekort som skal gjelde for alle medlemmar i Ryvarden krets når dei leiger Heidletun hytta. Dette kostar per nå 400kr per år.

Det må lagast eit oppslag med reglar for fising som heng på hytta.

VEDTAK: Kretsen kjøper fiskekort til bruk på Heidletun.

RK-sak 40/2022: Rekruttering til komitear

Kretsen har eit behov for å rekruttere medlemmar til utval speiding, leirplasskomitèen og kretskonkurransekomitèen.

Alle i kretsstyret tek kontakt med gruppene dei er kontaktperson for og prøver ellers å inspirere folk til å bli med i komitèane. Spesielt kretskonkurransekomitèen treng medlemmar for å kunne gjennomføre kretskonkurransen.

VEDTAK: Kretsstyret arbeidar vidare med å rekruttere medlemmar til kretsens komitèar som skildra ovanfor.

RK-sak 41/2022: Julemøte

Det skal vere julemøte måndag 28. november. Det vert for roverar og leiarar på Lier. Magnus, Karl Andreas, Anna og Marius arrangerer.

VEDTAK: Kretsstyret planlegg vidare og sender ut invitasjon.

RK-sak 42/2022: Fråtreiding styreleiar

Erik Bloch har trekt seg frå sitt verv som kretsleiar av personlege årsakar.

Visekretsleiar Marius Johannessen tek over hans oppgåver og er fungerande kretsleiar fram til neste årsmøte.

Eit av varamedlemma får stemmerett på kretsstyremøtene fram til ny leiar er valt. Dersom begge vara er tilstades vert det loddtrekning mellom dei to.

VEDTAK: Kretsstyret tek fråtreidinga til orientering.

RK-sak 43/2022: Evaluering festivalleir

Festivalleiren hadde 158 deltakarar. Arrangementet gjekk i pluss med rundt 12 000kr.

Det var eit godt gjennomført arrangement og me har fått positive tilbakemeldingar frå deltakarar.

Det var litt få som arrangerte. Me kunne gjerna ha vore eit par til i komiteen.

Me fekk til opplegg for både speidarar, roverar og leiarar. Det var veldig positivt.

Neste gong ynskjer me at det vert litt meir engasjement rundt aktivitanene. Kanskje me kna ha alle felles på eit område?

VEDTAK: Kretsstyret tek evalueringa av festivalleiren til orientering.

Eventuelt

Snurredass på Heidletun

Forbrenningstoalettet som er på hytta har ikkje kapasitet til mange personar og kostar mykje i bruk. Ein snurredass vil passe betre til vårt behov. Det ligg ein snurredass for sal i Sveio til 3500kr. Ein ny kostar rundt 20-30 000kr.

Vedtak: Kretsstyret undersøker om snurredassen i Sveio passer på Heidletun. Dersom måla passar så kjøper kretsen den.

Fratreden leirplasskomitèen

Espen Fosse har trekt seg frå sitt verv i leirplasskomiteen.

Vedtak: Kretsstyret arbeider med å finne eit nytt medlem ti komiteen.

St.Georgsdag under kretskonkurransen 2023

I 2023 er St.georgsdag og kretskonkurransen same helg. Karmøygruppene foreslår å legge inn ei St.Georgsdag-markering under avslutninga av kretskonkurransen.

Vedtak: Kretsstyret syntes dette er ein god ide og jobbar vidare med dette saman med kretskonkurransekomitèen.

Rovertur Meling speidargruppe

Kretsstyret har fått ein førespurnad frå Meling speidargruppe. Dei skal arrangere ein rovertur for roverar i kretsen og lurar på om kretsen har noko midlar dei kan bruke til dette.

Kretsen har satt av 2000kr til roveraktivitetar i budsjettet. Meling speidargruppe får dei 2000kr som er satt av til roveraktivitetar.

Vedtak: Meling speidargruppe får 2000kr til rovertur.

Teknisk kretskonk

Kretsen har hatt ein tradisjon for at kretsstyret er teknisk arrangør for kretskonkurransen anna kvart år. I år har kretsstyret lite kapasitet til å stille som teknisk arrangør. I tillegg er nokre medlammar i kretsstyret også medlem i kretskonkurransekomiteen. Kretsstyret vil difor prøve og finne ei gruppe som kan stille som teknisk arrangør. Konkurransen kan arrangerast både på Lier og på eit område gruppa vel sjølv.

Kretsstyret ynskjer å tilby ei gratis helg på Heidletun, to gratis patroljar under kretskonkurransen og inntektene frå kiosken til gruppa som ynskjer å stille som teknisk arrangør.

Vedtak: Kretsstyret undersøker om ei gruppe i kretsen ynskjer å vere teknisk arrangør under kretskonkurransen 2023.